



Innovasjon Norge Rogaland
Postb 8034
4068 STAVANGER

Kontakt saksbehandlar
Anfinn Rosnes, 51 56 89 80

Oppdragsbrev 2019 - strategisk bruk av dei bedriftsretta landbruksmidlane (IBU)

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet har i instruks for 2019 gitt Fylkesmannen i Rogaland i oppgåve å formidle signal om den strategiske bruken av dei bedriftsretta landbruksmidlane Innovasjon Norge Rogaland (IN Rogaland) forvaltar. Oppdraget er gitt slik: *«Følge opp Regionalt næringsprogram, i samarbeid med det regionale partnerskapet, og gi signal til Innovasjon Norge om prioriteringer i forvaltning av IBU-midler»*

Vi viser elles til oppdragsbrev frå Landbruks- og matdepartementet til Innovasjon Noreg datert 29.01.2019. Her er det m.a. vist til dei nasjonale føringane for IBU-midla, der det igjen er vist til at for mjølkebruk *«er det særleg behov for å prioritere fornying av fjøs med 15-30 kyr»*. Det er også framheva ei særleg satsing på støtte til frukt- og grøntnæringa. Vi vil også framheve at pilotordninga vi har hatt med støtte til nye gjødsellager er innført som ei nasjonal ordning. Det er elles vist til styrt avvikling av pelsdyrnæringa, og at kompensasjonsordning knyta til dette vil bli avklart i eigen prosess.

Rogaland er tildelt **47,12 mill. kroner** i investeringsmidlar for 2019. Fylkesmannen i Rogaland er elles tildelt 3,84 mill. kroner til sitt arbeid med utvikling og tilrettelegging. Dette oppdragsbrevet bygg på vårt brev av 27.02.2018, med ein del endringar i prioriteringar.

Behandlinga av enkeltsøknadar skal vere i samsvar med «Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket», fastsett 19.12.2014, med endringar gjeldande frå 01.01.2019. *Regionalplan for landbruk i Rogaland* gir framleis dei viktigaste strategiske føringane for bruken av midlane, saman med nytt *Regionalt bygdeutviklingsprogram 2019-2022 (RBU)*. *Strategi for bioøkonomi i Rogaland 2018-2030* er også med å komplettere satsingsområda. Det er viktig at midlane blir nytta slik at dei utløyser regionale fortrinn og potensial for næringsutvikling knytt til heile breidda av landbruket sitt ressursgrunnlag. Midlane er eit viktig økonomisk verkemiddel for å nå målet om auka matproduksjon og verdiskaping i landbruket.

Midlane kan gis;



- som støtte til investeringar med mål om å oppretthalde eit variert landbruk i heile fylket, gjennom å bidra til etablering, oppgraderingar og modernisering av driftsapparat, eller
- til utvikling av landbruksbaserte næringar.

IN Rogaland skal forvalte midlane i samsvar med tiltaksområda i forskrifta;

- etablering av ny verksemd
- bedriftsutvikling
- investeringar i produksjonsanlegg
- investering i frukt- og bær dyrking
- investeringar i samband med generasjonsskifte
- investering i gjødsellager

Stortinget si behandling av meld. St 11 (2016-2017) jf. inst. 251 S (2016-2017) frå Næringskomiteen ligg framleis til grunn for landbrukspolitikken, saman med det som kjem fram gjennom det årlege jordbruksoppgjeret. I ny Regjeringsplattform kjem det fram at regjeringa vil «vurdere innrettingen på kapitaltilgangen og investeringsvirkemidlene for alle bruksstørrelser gjennom Innovasjon Norge for å bidra til fornying av driftsbygninger og rekruttering». Auka konkurransekraft er også eit tydeleg mål.

Dei siste åra har det vore ein spesiell situasjon med stor etterspørsel etter midlar, samstundes har det både i 2017 og 2018 vore utfordringar i næringa m.a. knyta til klima. Det siste har nok dempa noko på investeringsviljen i næringa. Med grunnlag i praksis innført hausten 2016, er det starta løyving av 2019-ramma hausten 2018. Det er ikkje ha søknadsfrist i 2019.

Dei strategiske føringane for midlane er godt forankra i den regionale partnerskapen. *Regionalplan for landbruk i Rogaland* gir ramma for landbruksbasert næringsutvikling generelt, og bruken av dei bedriftsretta midlane spesielt. Overordna føringar for dei prosjekt IN Rogaland skal gi tilskot til, er at tilskota har klar effekt for lønsemda i prosjekta og at kunden har tilstrekkeleg kompetanse og profesjonalitet. Lønsam prosjektøkonomi er sentralt i vurderinga av enkeltprosjekt, men berekraft i forhold til klima- og miljøutfordringane skal i aukande grad bli vektlagt.

Strategi for bioøkonomi i Rogaland 2018 – 2030 er viktig for utviklinga av landbruket i Rogaland, og har som eit av hovudmåla å auke verdiskapinga og fleire arbeidsplassar basert på produksjon av fornybare ressursar og reduserte klimagassutslepp.

Det er lagt til grunn at IBU-midlane skal brukast slik at måloppnåinga blir størst. Det overordna landbrukspolitiske målet i Rogaland er å styrke og auke produksjonen av mat. Delmåla er ytterlegare definert i RBU:

**Desse er dei viktigaste måla:**

- Eit variert og aktivt landbruk i heile fylket
- Halde oppe husdyrproduksjonen i sentrale område og styrke husdyrproduksjonen i distrikta
- Mjølkeproduksjonen i distrikta blir vidareført med minst same volum som for år 2010
- Auka beitebruk
- Styrka grøntnæring
- Positiv effekt på miljø- og klima
- Kompetansebygging

Det er elles viktig at alle IBU-prosjekta blir vurderte ut frå effekt på miljø – og klima. Her bør det rettast ekstra merksemd mot:

- investeringar hos føretak med jordbruksareal i nedslagsfeltet til utvalde vassdrag (RMP)
- investeringar innan resirkulering av næringsstoff (t.d. veksthus)
- investeringar i fôrkonservering med mindre bruk av plast (t.d. plansilo/tårnsilo)

Det har nå over tre år vore ei tydeleg satsing på storfekjøtt, og det er bygd opp ein produksjonskapasitet som på sikt vil gi klar auke i produksjon. Prognosen for 2019 frå *Totalmarked kjøtt og egg* viser at det innan 2019 truleg blir marknadsbalanse for storfe. For sau og lam vil det også i 2019 vere ubalanse med store reguleringslager. Det er nasjonal føring om at det ikkje skal løyvast tilskot til investeringar i sauefjøs i 2019, med unntak for tilskot til generasjonsskifte der målet er oppgradering av eksisterande produksjonsomfang.

Den regionale partnerskapen har kome til at det i 2019 ikkje skal løyvast tilskot til investeringar til nye ammekufjøs, med unntak for tilskot til generasjonsskifte (inntil 35 år med maksimal investeringsramme på 1 500 000,-, i tråd med nasjonal policy). Partnerskapen vil gjere ei evaluering av denne prioriteringa hausten 2019. Kraftfôrbaserte produksjonar (fjørfe og gris) har ikkje prioritet.

Når det gjeld dei som må tilpasse seg marknadskravet om frittgåande høner, har partnerskapen kome til at eggprodusentar som går frå høner i miljøinnreieing til konvensjonelt lausdriftssystem (frittgåande høner i aviar), kan få ei avgrensa støtte til denne investeringa. Eggprodusentar som legg om til økologisk drift vil bli vurderte som andre søknadar om investeringsstøtte, etter rammene gitt i forskrifta.

Det er nasjonal føring om at det skal takast omsyn til nye krav til dyrevelferd. I denne samanheng minner vi spesielt om krav sjuke- og kalvingsbinge frå 2024 (forskrift om hold av storfe). Omsyn til dyrevelferd er eit moment i prioriteringa.

Grøntnæringa skal ha prioritet, og satsinga på frukt og bær held fram. Men også andre vegetabilar har prioritet. Vi legg her til grunn marknadsetterspørsel, og elles dei kriteria som kjem fram av ny nasjonal policy.



Andre føringar for Innovasjon Norge Rogaland

Berekraftig prosjektøkonomi er sentralt i vurderinga av enkeltprosjekt, men IN Rogaland kan også legge til grunn totaløkonomien på gardsbruket. I dette ligg også det totale ressursgrunnlaget og lokaliseringa av dei disponible areala.

Distrikta skal prioriterast og 70 % av midlane skal nyttast utanom dei *sentrale områda* på Jæren – jf. tidlegare avklaring om kva område dette gjeld. I behandlinga av søknadar skal det takast utgangspunkt i kor driftssenteret ligg. Nye kufjøsprosjekt i distrikta skal ha særleg høg prioritet og det skal praktiserast høg utmåling av tilskot til desse prosjekta, gitt at også andre føresetnader er oppfylte. Det er særleg viktig at prosjekta er godt tilpassa tilgjengeleg ressursgrunnlag på garden, med særleg vekt på bruk av beiteressursar.

Områda utanom region Jæren har i dag om lag 35 % av den samla mjølkeproduksjonen i fylket. I distrikta set dei naturgitte føresetnadane ofte klare grenser for realisering av store nye kufjøs, både av økonomiske og praktiske årsaker. Viktige landbrukskommunar, som Finnøy, Bjerkreim og Vindafjord, har framleis mange båsfjøs. Det er i dag om lag 700 båsfjøs i fylket. Dette talar for at nye kufjøsprosjekt i distrikta har særleg prioritet, også med lågare mjølkekvoter enn som er normalt ved nybygg. Her viser vi særleg til nemnte nasjonale prioritering som gjeld fornying av fjøs for 15-30 kyr. Det skal ikkje stillast krav til auka mjølkevolum på det aktuelle bruk, grunnlaget skal vere fornying av eksisterande driftsromfang.

Det er viktig at både bygga og produksjonsomfanget i størst mogleg grad er tilpassa naturlege føresetnader – noko som også gir akseptabel prosjektøkonomi. For det første ser vi det som naturleg at det meste av fôrarealet er eigd, eller leigd i kort avstand frå nyfjøsset. Vidare er det viktig at bygga blir plasserte slik at det ligg godt til rette for aktivt beitebruk, og helst utan tap av jordbruksjord.

Nybygg/tilbygg til mjølkefjøs for kjøtproduksjon basert på eige påsett har låg prioritet, men kan få støtte på vilkår av tilstrekkeleg grovfôrgrunnlag på bruket og ut frå særlege omsyn. Etablert ordning med ekstra tilskot ved investering i ny driftsbygning i tre blir ført vidare.

For nye landbruksbaserte næringar har mat og reiseliv, klima og miljø, og prosjekt med særleg høg innovasjonsgrad prioritet. Potensiale for vekst er her sentralt. Ambisjonen om at minst 5 % av midla går til nye landbruksbaserte næringar står ved lag.

Landbruket i Rogaland har stort potensiale i både å produsere og gjere seg nytte av fornybar energi frå landbruket. Det er sentrale ordningar for bioenergi frå skogbruket og det er gitt konkrete regionale føringar for bioenergi i m.a. Strategi med handlingsplan for skogbasert bioenergi i Rogaland. Det er også viktig å ha merksemda retta mot etablering av biogassanlegg og bruk av biogass.

Oppsummert

IBU-midlane Rogaland skal gå til mjølkekufjøs (heile fylket), miljø- og klimatiltak, grønt/frukt/bær, generasjonsskifte, ombygging eggsektor, nye landbruksbaserte næringar og prosjekt med særleg høg innovasjonsgrad. Mål om effektiv, rettferdig og god saksbehandling og føreseielege tilskotsrammer er viktig.



Rapportering

IN Rogaland skal innan 1. februar 2020 sende eigen rapport til Rogaland fylkeskommune, på bruken av midlane i fylket for 2019 sett opp mot strategien i fylket.

Kontroll

IN Rogaland står for utbetaling av midlane til dei som mottok tilskot. Det skal førast rekneskap der det til ei kvar tid går fram informasjon om tilskotsmottakarane, ansvar for løyvde midlar, avsetningar i tapsfond og utbetalingar under ordninga. Det skal vere etablert tilstrekkeleg gode kontrollsystem og – rutinar, både internt hjå IN Rogaland og ovanfor tilskotsmottakarane.

Ved sida av Innovasjon Norge kan LMD, Fylkesmannen i Rogaland og Riksrevisjonen gjennomføre kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadane. Fylkesmannen i Rogaland, eller andre som er peika ut av LMD, kan kontrollere at IN Rogaland forvaltar ordninga slik det er fastsett i brevet.

Kalender

1. IN Rogaland skal innan 1. februar 2020, sende rapport om bruken av midlane i 2019 til Rogaland fylkeskommune, med kopi til den regionale partnerskapen. Rapporten skal omfatte vurdering av verkemiddelbruken i forhold til m.a. føringane i dette brevet.
2. Rogaland fylkeskommune skal rapportere om bruken av midlane i 2019 i tråd med rapporteringskalenderen frå NFD.
3. IN Rogaland skal, innan 15. august 2019, sende rapport til Fylkesmannen i Rogaland som viser bruken av midlane så langt i året. Denne midtvegsrapporteringa kan gjerast i ei noko enklare form.

IN Rogaland, Rogaland fylkeskommune, Rogaland Bondelag, Rogaland Bonde- og Småbrukarlag, Rogaland Skognæringsforum og Fylkesmannen i Rogaland, utgjer ein viktig regional landbrukspartnerskap i Rogaland. Utfordringane og moglegheitene for landbruket er mange og framleis godt samarbeid mellom desse blir endå viktigare for å sikre eit framtidig konkurransekraftig og attraktivt landbruk i fylket.

Vi vil elles gi IN Rogaland ros for målretta prioritering på landbruksområdet i 2018 og ser fram til samarbeidet også i 2019. Dette året vil det vere ekstra viktig med ein god dialog med Rogaland fylkeskommune som skal overta rolla som avsendar av dette brevet frå 2020.

Med helsing

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Anfinn Rosnes
ass. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	Oslo
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Innovasjon Norge	Pb 448	0104	OSLO
Rogaland Skognæringsforum			
Rogaland bondelag	Pb 278	4002	STAVANGER
Rogaland Bonde- og småbrukarlag			